



Innkalling
av
Eldrerådet

Møtedato: 06.03.2017
Møtestad: Osterøy rådhus - formannskapssalen
Møtetid: 10:00 - 13:00

De må sjølv ta kontakt med varamedlem dersom De ikkje kan møta.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/17	Godkjenning av møtebok
003/17	Referatsaker og meldingar

22. februar 2017

Åge Clausen
møteleiar

32T
sekretær

- Ordføraren vert med i starten av møtet i samband med samarbeidet med heradsstyret
- Ny sektorleiar helse, omsorg og sosial Nina Kvamme presenterer seg, og orienterer om status plassituasjonen Osterøytunet.
- Frivilligkoordinator Grethe Birkelid presenterer seg og orienterer om arbeidet sitt så langt.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
001/17	Eldrerådet	PS	06.03.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Turid Reigstad	17/137

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Saksopplysningar:

Innkalling med sakliste er send ut.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
002/17	Eldrerådet	PS	06.03.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Turid Reigstad	17/137

Godkjenning av møtebok

32T

Protokoll - Eldrerådet - 28.11.2016

Møtebok frå vert godkjend.

Saksopplysningar:

Møteprotokoll frå møtet er send ut til godkjenning.



Møteprotokoll for Eldrerådet

Møtedato: 28.11.2016
Møtestad: Heradsstyresalen
Møtetid: 10:00 - 13:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Aslaug Gjerstad		Medlem
Atle Eide		Medlem
Audun Mosevoll	KRF	Medlem
Berge Litland		Medlem
Magne Reigstad		Medlem
Åge Clausen		Utvalsleiar

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Ove Kleiveland		Nestleiar

Følgjande frå administrasjonen møtte: Utvalssekretæren.

Sakliste

Saknr	Tittel
020/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
021/16	Godkjenning av møtebok
022/16	Referatsaker og meldingar
023/16	Årsbudsjett 2017

020/16: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

28.11.2016 ELDRERÅDET

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

ELD - 020/16 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

021/16: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok frå 07.11.16 vert godkjend.

28.11.2016 ELDRERÅDET

Det var ikkje merknader til utsend protokoll frå 07.11.16.

ELD - 021/16 VEDTAK:

Møtebok frå 07.11.16 vart godkjend.

022/16: Referatsaker og meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsakene vert tekne til vitande.

28.11.2016 ELDRERÅDET

ELD - 022/16 VEDTAK:

Referatsakene vart tekne til vitande.

023/16: Årsbudsjett 2017

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

” Årsbudsjettet for 2017 med investeringsplan vert vedteke på grunnlag av rådmannen si saksutgreiing til formannskapet, med slike driftsrammer:

Midlar til fordeling (frå 1A)	406 860
Rådmannen/stabsseksjonar	55 591
IKTNH *	4 000
Oppvekst, undervisning og kultur	176 370
Helse, omsorg og sosial	170 587
Miljø og teknikk (eks sjølvkost)	20 312
Sjølvkostområda (gebyrfinansiert)	-6 800
Sum rammeområda inkl sj.kost	420 060
Sentrale postar	-18 200
Lønsreserve	5 000
Sum skjema 1B	406 860
Meir-/mindreforbruk	0

* Dette er mva-utgift. Den motsvarast av tilsvarende inntekt (mva-kompensasjon) på Sentrale postar.

Alle kommunale avgifter, gebyr, betalingsattsar og vederlag vert auka med 3 % frå 01.01.17 med mindre anna er nemnd særskild i budsjettpremissane, dette vedtaket eller andre reglar som fylgjer av lov eller føresegn.

Med verknad frå 01.01.2017 vert gebyr- og avgiftssattsane innan sjølvkostområda endra/fastsett som følgjer:

- | | |
|-------------------------|----------------|
| - årsavgift for avlaup, | Reduksjon 20 % |
| - årsavgift for vatn, | Reduksjon 20 % |
| - årsavgift for feiing, | Auke 5 % |
| - årsavgift for slam, | Uendra |

Tilkoplingsgebyra for vatn- og avlaup vert ikkje endra.

Gebysatsane for teknisk forvaltningsteneste kjem ein tilbake til / vert ettersendt.

5. Renovasjonsgebyr.

a. Osterøy kommune vedtek at BIR Privat AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av renovasjonsgebyret på vegne av Osterøy kommune, jfr § 12 i Forskrift om handtering av hushaldningsavfall. Renovasjonsgebyret tilhøyrrer Osterøy kommune.

b. Osterøy kommune vedtek renovasjonsgebyr i tråd med vedlagte oversikt over tenester og pristabellar.

Prisen på renovasjonstenesta for 2017 vert uendra. Beløpet for ein minimumskunde vert kr 1546,20 for 12 tømningar, 6 tømningar pr halvår + eit tillegg på kr 26,60 pr restavfallstømming utover dette + kommunalt påslag kr 12 + bosnettpåslag kr 153,30 pr bueining. Alle prisar er eksklusiv meirverdiavgift

6. Satsane for foreldrebetaling i barnehage vert halde i samsvar med statlege føringar i statsbudsjettet (maksimalpris).

7. Satsane for betaling i musikk- og kulturskulen vert halde uendra.

8. Satsane for Skulefritidsordning (SFO) vert endra slik:

Foreldrebetaling:	2016	2017
• Mindre enn 9 timar veke		kr. 1.395 kr 1395
• 9-15 timar veke	kr. 1.935	kr 1695
• Meir enn 15 timar veke	kr. 2.680	kr 1995

9. Husleige i kommunale bygg for løpande avtalar vert auka tilsvarande endringa i konsumprisindeks sidan siste regulering, så langt anna ikkje følgjer av tidlegare vedtak i heradsstyret eller lov/føresegn.

10. Ved inngåing av nye leigeavtalar vert husleiga tilpassa marknadspris.

11. Låneopptak (nye lån) til finansiering av investeringsprosjekt budsjettet i 2017 vert kr xx,x millionar. (Denne vert å komme tilbake til)

12. Låneopptak til formidlingslån (Husbanken) vert sett til kr x millionar (Denne vert å komme

tilbake til)

13. Heradsstyret vedtek gjeldande låneportefølje for Osterøy kommune som følgjer som vedlegg til saka. Alle låna i portefølja kan verte refinansiert i 2016 og 2017. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei låna han finn det føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

14. Skatteøyret for skatt til kommunen på inntekt og eige for år 2017 vert sett lik maksimalsatsen Stortinget vedtek i statsbudsjettet for 2017.

15. Eigedomsskatt vert vidareført på alle eigedomar i Osterøy kommune for 2017.

a. Eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille (lova sin maksimalsats).

Eigedomsskattesatsen for bustad- og fritidseigedomar vert sett til x promille, jfr. eigedomsskattelova paragraf 12 bokstav a. (Denne vert å komme tilbake til)

b. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0.

c. Eigedomsskatten for 2016 forfell til betaling i 3 terminar: 31.03, 31.07 og 30.11, jfr. eigedomsskattelova paragraf 25.

d. Ny alminneleg taksering skal gjennomførast for budsjettåret 2017, jfr. e-skattelova paragraf 8 A-3.

f. Klagenemnda for eigedomsskatt får kompetanse til å handsama klager etter paragraf 19 i eigedomsskattelova, jfr. paragraf 20 i eigedomsskattelova.

16. Saker som kan medføre endring av dei vedtekne budsjetttrammene skal leggjast fram for formannskap/heradsstyre til avgjerd før tiltak vert sett i verk.

17. Rådmannen har framleis fullmakt til å gjera unntak i særskilde høve. I slike høve skal formannskapet/heradsstyret snarast orienterast om dette.

18. Budsjettoverskridingar skal dekkast innan eige budsjettområde.

19. Budsjetttramma til Kyrkjeleg Fellestråd vert sett til kr 5,1 millionar inkl kommunal tenesteyting.

Generelt:

Ordføreren får fullmakt til å godkjenne budsjettframlegg med tekstdel før offentlig utlegging, samt språkmessige og formmessige endringer og innarbeiding av vedtak i teksten"

09.11.2016 FORMANNSKAPET

Sektorleiarane for Miljø og teknikk og Oppvekst, undervisning og kultur var til stades ved formannskapet si handsaming. I starten av møtet fekk Kyrkjeleg Fellesråd v/leiar og kyrkjeverje presentera sitt budsjettforslag og sine prioriteringar.

Til møtet vart investeringsoversyn til budsjettframlegget for 2017 ettersend.

I møtet var det høve til å stilla spørsmål til budsjettframlegget og ta opp endringsforslag, i tillegg til spørsmål som var innsende på førehand.

Formannskapet bad om å få lagt fram meir dokumentasjon/vurderingar kring følgjande til neste møte:

- oversikt over kostnader med auke i grunnbemanning på institusjon/andre tenester, pr. årsverk og kostnader pr. år
- om mogeleg meir konkretisering av konsekvensane av foreslåtte budsjetttrammer
- notat om inntak av fleire lærlingar særleg innan Ploms og skule/barnehage, jfr. og ønsket om høgare grunnbemanning
- bruk av nynorsk i Vaksenopplæringa - oppfølging av politisk vedtak og kostnader knytt til dette
- oversikt over leigeavtalar for kommunale tenester, eks. brannstasjonen Hauge, legekontor, heimetenesta og helsestasjonen i Lonevåg og andre tilsvarande, ikkje for bustader/husvære.

Det vart ikkje gjort vedtak i tilknytning til saka.

Formannskapet vil gi si innstilling etter ny handsaming i neste møte (23.11.16)

FS - 116/16 VEDTAK:

"Formannskapet vil gi si innstilling etter ny handsaming i neste møte (23.11.16)."

23.11.2016 FORMANNSKAPET

Til møtet vart oppdatert innstilling frå rådmannen sendt ut.

Til møtet vart følgjande dokument delt ut:

- Uttale frå elevrådet ved ungdomsskulen
- notat av 22.11.16 frå rådmannen om auke av lærlingeressursar

Ordføraren gjorde på vegner av KRF, SP, MDG og V slikt framlegg om endringar i h.t. rådmannen sitt framlegg:

"Det er starta arbeid med ny alminneleg taksering av alle eigedomar på Osterøy, og kommunen sitt grunnlag for eigedomsskatt vil auke i 2017. Med utgangspunkt i dette, legg formannskapet til grunn ein auke i inntekt frå eigedomsskatt med 10 mill. kr i høve nivået i 2016, dvs. 6,5 mill. meir enn det som ligg i rådmannen sitt framlegg til budsjett. Skattesats ("promille") vert sett i samband med budsjettvedtak i heradstyret 07.12.16.

Dei 6,5 millionane skal fordelast slik:

Sektor for helse, omsorg og sosial: Auka rammeløyving på 3,1 mill. kr. Rammeløyvinga skal styrke grunnbemanninga i sektoren og sikre tilbodet i Kroken og tilbodet om legetenester på ettermiddag ved Lonevåg legesenter.

Sektor for oppvekst, utdanning og kultur: Auka rammeløyving på 550.000 kr. Rammeløyvinga skal sikre vidareføring av 2 lærarstillingar ved Osterøy ungdomsskule.

Sektor for miljø og teknikk: Auka rammeløyving på 1 mill. kr. Rammeløyvinga øyremerkast vedlikehald av kommunale bygg.

Rådmannen med stabssesksjonar: Auka rammeløyving på 1,35 mill. kr. Rammeløyvinga skal nyttast til nye lærlingeplassar (600.000 kr, HOS prioritert), styrking av Planavdelinga til innkjøp av eksterne tenester (ref. Planstrategi) (500.000 kr), innkjøp av teknisk utstyr til overføring (streaming) av alle politiske møter (50.000 kr) og diverse utgreiingsarbeid (eigarskapstrategi, "eldrehagen" på Hauge, ferjesambandet).

Sentrale postar: Auka overføring til disposisjonsfond på 500.000 kr. Denne summen er tenkt nytta som økonomisk buffer for barnevernet - om dette skulle vera naudsynt.

Investeringsbudsjettet: Auka investeringsramme med følgande:

1. Vidareføre oppgradering av kantina på rådhuset - 100.000 kr
2. Ladepunkt for elbilar - 400.000 kr."

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 13.25 - kl. 13.30 med felles gruppemøte for AP og FRP og for V/KRF/SP/MDG/H.

Johannes Bysheim, AP, gjorde på vegner av AP og FRP slikt framlegg om endringar i h.t. rådmannen sitt framlegg:

Tiltak		Inndekning	Kostnad	Kommentar
Auke E. Skatt		-kr 2 300 000	kr -	
Ass. Rådmann vakant		-kr 1 166 000	kr -	
Lærlingar HOS		kr	- kr 600 000	
2 stillingar - OUS	Halvårs (Haust)	kr	- kr 550 000	
Innkjøp tenester Plan		kr	- kr 700 000	
Vedlikehald		kr	- kr 500 000	
Asfaltering		kr	- kr 500 000	
Kulturpris		kr	- kr 15 000	
Vidareføring av Kroken		kr	- kr 150 000	
Vidareføring av dagens tilbud ved Haldorvika		kr	- kr 250 000	
Nytt politisk utval		kr	- kr 200 000	
SUM		-kr 3 466 000	kr 3 465 000	
Rest til avsetning		-kr 1 000		

 Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 14.20 - kl. 14.25 med gruppemøte for KRF, SP, MDG og V.

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - 1 røyst (1H)
 Rådmannen sitt framlegg med slike endringar som foreslått
 av KRF, V, SP og MDG - 4 røyster (1KRF,1V,1SP,1MDG)
 Rådmannen sitt framlegg med slike endringar som foreslått
 av AP/FRP - 4 røyster(2AP, 2FRP)

 Formannskapet har etter dette gitt innstilling til heradsstyret i samsvar med rådmannen sitt framlegg og med slike endringar som foreslått av KRF, V, MDG og SP, då ordføraren si røystegjeving er avgjerande ved likt røystetal.

Foreslåtte endringar i rammer/budsjett vert lagt ut til høyring saman med rådmannen sitt framlegg. Desse vert innarbeidde i budsjettet for 2017 etter at vedtak er gjort i heradsstyret.

FS - 125/16 VEDTAK:

Formannskapet si innstilling:

” Årsbudsjettet for 2017 med investeringsplan vert vedteke på grunnlag av rådmannen si saksutgreiing til formannskapet, med slike driftsrammer:

Midlar til fordeling (frå 1A)	406 860
Rådmannen/stabsseksjonar	55 591
IKTNH *	4 000
Oppvekst, undervisning og kultur	176 370
Helse, omsorg og sosial	170 587
Miljø og teknikk (eks sjølvkost)	20 312
Sjølvkostområda (gebyrfinansiert)	-6 800
Sum rammeområda inkl sj.kost	420 060
Sentrale postar	-18 200
Lønsreserve	5 000
Sum skjema 1B	406 860
Meir-/mindreforbruk	0

* Dette er mva-utgift. Den motsvarast av tilsvarande inntekt (mva-kompensasjon) på Sentrale postar.

1. **Alle kommunale avgifter, gebyr, betalingssettar og vederlag vert auka med 3 % frå 01.01.17 med mindre anna er nemnd særskild i budsjettpremissane, dette vedtaket eller andre reglar som fylgjer av lov eller føresegn.**
2. **Med verknad frå 01.01.2017 vert gebyr- og avgiftssatsane innan sjølvkostområda endra/fastsett som følgjer:**
 - årsavgift for avlaup, Reduksjon 20 %
 - årsavgift for vatn, Reduksjon 20 %
 - årsavgift for feiing, Auke 5 %
 - årsavgift for slam, Uendra
3. **Tilkoplingsgebyra for vatn- og avlaup vert ikkje endra.**
4. **Gebyrsatsane for teknisk forvaltningsteneste vert endra slik**

Kapittel	Område	% auke
5	Tenester som skal betalast etter medgått tid	14 %
7	Plansak	3 %
8	Utbyggingsavtale og refusjonssak	3 %

9	Dispensasjonsak	14 %
10	Søknadspåttige tiltak (byggesak)	14 %
10.1	Førehandskonferanse	14 %
10.2	Tiltak som krev bruk av kvalifisert føretak	14 %
10.3	Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om	3 %
11	Oppretting av ny eigedom (delingsak)	14 %
12	Ulovlege tiltak	14 %
13	Handsaming etter matrikkellova	14 %
13.9	Matrikkelbrev	Statleg fastsett gebyr
14	Handsaming etter lov om eigarseksjonar	Rettsgebyr
15	Handsaming etter konsesjonslova og jordlova	Delvis statleg fastsett gebyr - ikkje rom for auke
16	Handsaming etter hamne- og farvasslova	2,5%
16.2	Søknad om løyve etter hamne- og farvasslova	14 %
16.3	Anløpsavgift i kommunale hamner	14 %
17	Handsaming etter ureiningslova	14 %
17.1	Opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid	14 %
17.2	Søknad om utslepp frå mindre avlaupsanlegg	14 %
17.3	Kontroll av avlaupsanlegg	eige punkt

4. Renovasjonsgebyr.

a. Osterøy kommune vedtek at BIR Privat AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av renovasjonsgebyret på vegne av Osterøy kommune, jfr § 12 i Forskrift om handtering av hushaldningsavfall. Renovasjonsgebyret tilhøyrer Osterøy kommune.

b. Osterøy kommune vedtek renovasjonsgebyr i tråd med vedlagte oversikt over tenester og pristabellar. Prisen på renovasjonstenesta for 2017 vert uendra. Beløpet for ein minimumskunde vert kr 1546,20 for 12 tømningar, 6 tømningar pr halvår + eit tillegg på kr 26,60 pr restavfallstømning utover dette + kommunalt påslag kr 12 + bossnettpåslag kr 153,30

pr bueining.

Alle prisar er eksklusiv meirverdiavgift

4. Satsane for foreldrebetaling i barnehage vert halde i samsvar med statlege føringar i statsbudsjettet (maksimalpris).
5. Satsane for betaling i musikk- og kulturskulen vert halde uendra.
6. Satsane for Skulefritidsordning (SFO) vert endra slik:

Foreldrebetaling:	2016	2017
• Mindre enn 9 timar veke	kr. 1.395	kr 1395
• 9-15 timar veke	kr. 1.935	kr 1695
• Meir enn 15 timar veke	kr. 2.680	kr 1995

4. Husleige i kommunale bygg for løpande avtalar vert auka tilsvarande endringa i konsumprisindeks sidan siste regulering, så langt anna ikkje følgjer av tidlegare vedtak i heradsstyret eller lov/føresegn. Ved inngåing av nye leigeavtalar vert husleiga tilpassa marknadspris.
4. Låneopptak (nye lån) til finansiering av investeringsprosjekt budsjettert i 2017 vert kr 49,6 millionar.
4. Låneopptak til formidlingslån (Husbanken) vert sett til kr 4 millionar
4. Heradsstyret vedtek gjeldande låneportefølje for Osterøy kommune som følgjer som vedlegg til saka. Alle låna i portefølja kan verte refinansiert i 2016 og 2017. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei låna han finn det føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.
4. Skatteøyret for skatt til kommunen på inntekt og eige for år 2017 vert sett lik maksimalsatsen Stortinget vedtek i statsbudsjettet for 2017.
4. Eigedomsskatt vert vidareført på alle eigedomar i Osterøy kommune for 2017.
 - a. Eigedomsskattesatsen vert sett til 7 promille (lova sin maksimalsats).

Eigedomsskattesatsen for bustad- og fritidseigedomar vert sett til 4,9 promille, jfr. eigedomsskattelova paragraf 12 bokstav a.
 - b. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0.
 - c. Eigedomsskatten for 2017 forfell til betaling i 3 terminar: 31.03, 31.07 og 30.11, jfr. eigedomsskattelova paragraf 25.
 - d. Ny alminneleg taksering skal gjennomførast for budsjettåret 2017, jfr. e-skattelova paragraf 8 A-3.
 - e. Det vert teke i bruk formuesverdiar frå Skatteetaten som grunnlag for

eigedomsskattegrunnlaget for bustadeigedomar der slike verdier ligg føre

f. Klagenemnda for eigedomsskatt får kompetanse til å handsama klager etter paragraf 19 i eigedoms-skattelova, jfr. paragraf 20 i eigedomsskattelova.

4. Saker som kan medføra endring av dei vedtekne budsjetttrammene skal leggjast fram for formannskap/heradsstyre til avgjerd før tiltak vert sett i verk.
5. Rådmannen har framleis fullmakt til å gjera unntak i særskilde høve. I slike høve skal formannskapet/heradsstyret snarast orienterast om dette.
6. Budsjettoverskridingar skal dekkast innan eige budsjettområde.
7. Budsjetttramma til Kyrkjeleg Fellesråd vert sett til kr 5,1 millionar inkl kommunal tenesteyting.

Generelt:

Ordføraren får fullmakt til å godkjenna budsjettframlegg med tekstdel før offentleg utlegging, samt språkmessige og formmessige endringar og innarbeiding av vedtak i teksten.

Foreslått endring/tillegg i h.t. rådmannen sitt framlegg:

Det er starta arbeid med ny alminneleg taksering av alle eigedomar på Osterøy, og kommunen sitt grunnlag for eigedomsskatt vil auke i 2017. Med utgangspunkt i dette, legg formannskapet til grunn ein auke i inntekt frå eigedomsskatt med 10 mill. kr i høve nivået i 2016, dvs. 6,5 mill. meir enn det som ligg i rådmannen sitt framlegg til budsjett. Skattesats ("promille") vert sett i samband med budsjettvedtak i heradstyret 07.12.16.

Dei 6,5 millionane skal fordelast slik:

Sektor for helse, omsorg og sosial: Auka rammeløyving på 3,1 mill. kr. Rammeløyvinga skal styrke grunnbemanninga i sektoren og sikre tilbodet i Kroken og tilbodet om legetenester på ettermiddag ved Lonevåg legesenter.

Sektor for oppvekst, utdanning og kultur: Auka rammeløyving på 550.000 kr. Rammeløyvinga skal sikre vidareføring av 2 lærarstillingar ved Osterøy ungdomsskule.

Sektor for miljø og teknikk: Auka rammeløyving på 1 mill. kr. Rammeløyvinga øyremerkast vedlikehald av kommunale bygg.

Rådmannen med stabsseksjonar: Auka rammeløyving på 1,35 mill. kr. Rammeløyvinga skal nyttast til nye lærlingeplassar (600.000 kr, HOS prioritert), styrking av Planavdelinga til innkjøp av eksterne tenester (ref. Planstrategi) (500.000 kr), innkjøp av teknisk utstyr til overføring (streaming) av alle politiske møter (50.000 kr) og diverse utgreiingsarbeid (eigarskapstrategi, "eldrehagen" på Hauge, ferjesambandet).

Sentrale postar: Auka overføring til disposisjonsfond på 500.000 kr. Denne summen er tenkt nytta som økonomisk buffer for barnevernet - om dette skulle vera naudsynt.

Investeringsbudsjettet: Auka investeringsramme med følgande:

1. Vidareføre oppgradering av kantina på rådhuset - 100.000 kr
2. Ladepunkt for elbilar - 400.000 kr."

28.11.2016 ELDRERÅDET

Budsjetthandsaming i formannskapet 23.11.16, f-sak 125/16, vart lagt fram i møtet.

ELD - 023/16 VEDTAK:

Eldrerådet har i møte 28.11.16 handsama budsjett 2017, inklusiv formannskapet si handsaming 23.11.16, f-sak 125/16.

Eldrerådet syner til sitt vedtak av 07.11.16, men vil særleg peika på:

1. **Ein stadig mindre del av heimetenestene kjem eldre over 70 år til gode. Grunnbemanninga må difor styrkast.**
2. **Planlegging av bufellesskap/"eldrehage" ved Osterøytunet må setjast i gang no.**
3. **Eldrerådet vil ved eit seinare høve ta opp vurdering av minstepensjonistane sin situasjon i kommunen.**

Andre saker:

- Neste møte i Eldrerådet vert i starten av mars 2017.

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart desse valde: Magne Reigstad og Atle Eide.

Lonevåg, 29.11.16

Turid Reigstad
Utvallssekretær

Åge Clausen

Magne Reigstad

Atle Eide

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
003/17	Eldrerådet	PS	06.03.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Turid Reigstad	17/137

Referatsaker og meldingar

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
------------	--------

1	Status plassituasjonen Osterøytunet
---	-------------------------------------

Saksnummer	Tittel
------------	--------

2	Utkast til årsmelding 2016 Osterøy eldreråd
---	---

Saksnummer	Tittel
------------	--------


3	Stortingsvalet 2017 - røystekrinsinndeling - uttale
---	---

Saksnummer	Tittel
------------	--------

4	Årsbudsjett 2017
---	------------------

Referatsakene vert tekne til vitande.

Saksopplysningar:



Notat

Til

Eldrerådet

møte

06.02.2017

Saksbehandler: Sektor for helse, omsorg og sosial/Nina Marie Kvamme

Vår referanse: 17/285 - 17/3233 /

Dato: 20.02.2017

Emne: Status plassituasjonen Osterøytunet

Osterøytunet har i heile 2016 hatt fullt belegg, til tider òg overbelegg.

Vi hadde i 2016 77 liggedøger i sjukehus (det vil seie ferdigbehandla pasientar som ventar på tilbod i kommunen), og vi leigde 60 døgn i Modalen kommune.

I 2017 er status slik:

- Varierer mellom 67-69 senger i bruk (66 plassar)
- Leiger to plassar i Radøy kommune – avtale 3 mnd, med 1 mnd oppseiingstid
- Leiger to plassar i Modalen kommune – medio april
- Tal liggedøger så langt (per 20.02.2017)

Tal eldre over 80 er stabilt fram mot 2020, men samhandlingsreforma gir oss og pasientar i andre aldersgrupper, som før mottok tenester i sjukehus. Dette fører til at pågangen på plassar er større – både i dei over og dei under 80 år.

Når vi skal utarbeide prognose for behov for plassar i framtida, må desse faktorane takast med.

Utkast: Årsmelding 2016 Osterøy elderråd

Føremål

Elderrådet er etablert med slikt føremål som kjem fram i vedlagte utdrag frå «Lov om kommunale og fylkeskommunale elderråd».

Samansetting

Aslaug Gjerstad, medlem – vara Thore Brudvik - Bruvik helselag
Atle Eide, medlem – vara Kjell Mosevoll - Hjellvik helselag
Berge Litland, medlem – vara Berta Vevle - Osterøy pensjonistlag
Ove Kleiveland, nestleiar – vara Esther Halland - Hauge helselag
Magne Reigstad, medlem (ingen vara) - Seniorsaken
Åge Clausen, leiar – vara Jartru Reigstad - Valestrand helselag
Audun Mosevoll, medlem - vara Ingvald Ådland - Osterøy heradsstyre

Turid Reigstad, sekretær, frå adm. i Osterøy kommune

Elderrådet sitt arbeid

Elderrådet har hatt 7 møte.

Det er forutan møtetekniske saker handsama 10 saker fordelt på Budsjett og økonomi (3), Planasaker (2), Kommunereforma, Samhandlinga med heradsstyret, Talet på valkrinsar.

Ordførar har deltate på 2 møte, Rådmannen på 3, sektorleiar, leiar for heimetenestene og styrar på sjukeheimn på 1.

Alle møta har vore på rådhuset med unnatak av eitt på Osterøy sjukeheim (23.02.)

Representantar for elderrådet har teke del i Fylkeselderrådet si opplæring om elderrådsarbeid og samrådsmøte mellom elderråda i Hordaland. Dette har gjeve gode innspel til vårt arbeid.

Elderrådet sine fokusområde

- Økonomiplan/budsjett har vore elderrådet si viktigaste sak, der det vart gjeve slik uttale til 2017 budsjettet:

Elderrådet vil i samband med budsjettframlegg 2017 gje fylgjande råd til kommunestyret:

- 1. Viktigaste strakstiltak er å styrka grunnbemanning i heimetenestene, slik at eldre/sjuke kan kjenna seg trygge i eigen heim og bu heime så lenge dei ynskjer det.**
- 2. Haldorvika kombinert med demensteamfunksjon/tidlegkontakt med demente, må prioriterast høgt.**
- 3. Frivilligsentralen må koma i gang snarast.**
- 4. Personalpolitiske tiltak: a) For å halda på personell, inklusiv leiarar, må realiserast. b)Fokus på lærlingar og seniortiltak. c) Vidareføra fokus på kompetanse t.d. demens.**
- 5. Forebyggjande tiltak t.d. tryggleikssjukepleiar.**

6. Osterøy må straks søkja samarbeid med Bergen for snarleg endring i legevaktsamarbeidet

For å møte framtidig sterk vekst i talet på eldre (ref. befolkningsprognose) må det som fyrste trinn startast planlegging av å utvida/minst dobla bufellesskepet ved Osterøytunet. Dette vil bidra til at sjukeheimplassane vert nytta til rett brukargruppe

Informasjon og dialogen med rådmannen kring økonomi/budsjett har vore god dette året.

- Samhandlinga med Heradsstyret.

Eldrerådet har med glede merka seg at Heradsstyret har teke tak i saka kring styrka friviljugt arbeid og samhandlinga mellom kommune og desse. Diverre står det ein del attende når det gjeld å lytta til Eldrerådet sine råd, konf. budsjett-tilrådinga ovanfor. Med erfaringane frå førre budsjetthandsaming reiste Eldrerådet ei prinsippsak overfor Heradsstyret og Heradstyret si forpliking til å leggja saker fram for Eldrerådet. Eldrerådet går ut frå at Heradsstyret har merka seg dette (konf §3 i vedlegget).

Oppsummert vurdering av eldreomsorga i kommunen.

Eldrerådet observerer at leiarsituasjonen innafor tenesteområda til eldre er i ein vanskeleg fase. Det bør difor vera ei klår «bestilling» til administrasjonen å få dette trygt på plass, utan at korkje Eldrerådet eller Heradsstyret blandar seg inn i administrative oppgåver/strukturar.

Eldrerådet er uroleg for at heimetenestene for eldre er sårbare. Av tre grunnar: 1) Reduserte rammer dei seinaste åra, 2) Stadig større del av midlane går til yngre omsorgstrengjande, 3) Samhandlingsreforma sin effekt på desse tenestene. Kanskje desse bør evaluerast om det ikkje alt er gjort.

Fokuseringa på friviljug innsats er i eit godt spor og må vidareførast m.a. med etablering av frivilligsentral snarast råd.

Eldrerådet minner om kommunedelplanen og vil konkret peike på trongen for snarleg realisering av auka tal plassar i bufellesskap ved Osterøytunet (sjå budsjett-tilråding ovanfor).

Ei konkretisering/revitalisering av samarbeidet med helselaga om deira alders/omsorgsbustader bør inngå her?

Eldrerådet peikar på at kompetansen om demens i organisasjonen har vore ein av våre sterkaste sider innafor både tenester og planlegging. Trykket på dette må oppretthaldast.

Valestrandsfossen/Lonevåg 17.02.17

Åge Clausen
leiar

Vedlegg – aktuelle deler om eldrerådslova.

Kapittel I. Kommunale eldreråd

§ 1. *(Skiping av kommunale eldreråd)*

I kvar kommune skal det vere eit eldreråd som skal veljast av kommunestyret for valperioden.

Departementet kan gjere unntak frå regelen i første leden når kommunen vil ha eldreråd for geografisk avgrensa område innan kommunen. I kommunar der oppgåvene som gjeld eldre er overført til kommunedelsutval, skal det vere eldreråd i alle kommunedelar. For slike eldreråd ivaretek kommunedelsutvala dei rettar og plikter som etter denne lov er lagt til kommunestyret. Eldreråd for geografisk avgrensa område skal ha same arbeidsområde som omhandla i § 3. I slike høve skal det og veljast eit sentralt eldreråd.

0 Endra med lov 15 juni 2007 nr. 21.

§ 2. *(Val og samansetjing av kommunale eldreråd)*

Kommunestyret avgjer kor mange medlemmer eldrerådet skal ha. Reglane om høvetalsval i §§ 36 og 37 i lov om kommuner og fylkeskommuner av 25. september 1992 nr. 107 gjeld ikkje ved val av eldreråd.

Pensjonistforeiningar har rett til å koma med framlegg om medlemmer til eldrerådet. Fleirtalet av rådsmedlemmene skal vere alderspensjonistar i kommunen.

Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom pensjonistane.

0 Endra med lov 11 juni 1993 nr. 85.

§ 3. *(Oppgåvene for kommunale eldreråd)*

Eldrerådet er eit rådgevande organ for kommunen.

Alle saksdokumenta skal leggjast fram for rådet i god tid før kommunestyret handsamar sakene.

Eldrerådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for eldre.

Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i kommunen. Protokollen frå rådsmøtet skal fylgje saksdokumenta til dei kommunale organ som tek endeleg avgjerd i saka.

0 Endra med lov 15 juni 2007 nr. 21.

§ 4. *(Andre føresegner for kommunale eldreråd)*

Kommunen skal skipa høveleg sekretariathjelp for rådet.

Eldrerådet har rett til å uttale seg før kommunestyret skipar sekretariat, vedtek budsjett for rådet, og gjev utfyllande reglar for saksførehavinga i rådet.



Osterøy kommune
5282 LONEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3404 - 16/20929

Saksbehandlar:
Turid Reigstad
turid.reigstad@osteroy.kommune.no

Dato:
10.11.2016

Stortingsvalet 2017 - røystekrinsinndeling - uttale

Eldrerådet i Osterøy hadde møte i Osterøy rådhus 07.11.16. Ovannemnde sak vart då handsama.

Etter drøftingar var det semje om å koma med denne uttalen:

"Eldrerådet er oppteken av at det ikkje må gjerast endringar som medverkar til redusert valdeltaking. Ei endring slik det er gjort framlegg om, kan føra til at eldre finn det vanskeleg å røysta. Vi vil difor oppmoda om at reduksjonen ikkje vert så omfattande som føreslege, og at eventuelt redusert tal vallokale vert kompensert med styrka opplegg for ambulerande førehandsrøysting."

Eldrerådet i Osterøy

Åge Clausen
leiar

Kopi til:

Jarle Skeidsvoll
Jostein Førre



Osterøy kommune
5282 LONEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3404 - 16/20927

Saksbehandlar:
Turid Reigstad
turid.reigstad@osteroy.kommune.no

Dato:
10.11.2016

Årsbudsjett 2017

Eldrerådet i Osterøy hadde møte i Osterøy rådhus 07.11.16. Ovannemnde sak vart då handsama.

Etter drøftingar gjorde Eldrerådet slikt samrøystes vedtak:

1. **Viktigaste strakstiltak er å styrka grunnbemanninga i heimetenestene, slik at eldre/sjuka kan kjenna seg trygge i eigen heim og bu heime så lenge dei ynskjer det.**
2. **Haldorvika kombinert med demensteamfunksjonen/tidlegkontakt med demente, må prioriterast høgt.**
3. **Frivilligsentralen må koma i gang snarast.**
4. **Personalpolitiske tiltak: a) For å halda på personell inklusiv leiarar, må realiserast. b) Fokus på lærlingar og seniortiltak. c) Vidareføra fokus på kompetanse t.d. demens.**
5. **Forebyggjande tiltak t.d. tryggleikssjukepleiar.**
6. **Osterøy må straks søkja samarbeid med Bergen for snarleg endring i legevaktsamarbeidet.**

For å møte framtidig sterk vekst i talet på eldre (ref befolkningsprognose) må det som fyrste trinn startast planlegging av å utvida/minst dobla bufellesskapet ved Osterøytunet. Dette vil bidra til at sjukeheimplassane vert nytta til rett brukargruppe.

Eldrerådet i Osterøy

Åge Clausen
leiar

Kopi til:

Jarle Skeidsvoll
Jostein Førre